

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for levekår	23.11.2010	SFF	098/10

Avgjerd av: Utval for levekår	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Stein F. Flataker	SFF	N-212.1	10/1886

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOV OG PRIVATSKOLELOV - KOMPETANSEREGLER M.M.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	I	19.10.2010	Det kongelige kunnskapsdepartement	HØRINGSNOTAT
4	I	20.10.2010	Det kongelige kunnskapsdepartement	HØRINGSBREV
2	I	20.10.2010	Kunnskapsdepartementet	PRESSEMELDING

Saksutgreiing:

Kunnskapsdepartementet har sendt ut ei høyringssak, med forslag til endringar i Opplæringslova og privatskulelova. Høyringsfristen er sett til 10.januar 2011.

Det er forslag om at lærarane skal ha relevant fagkompetanse for å kunne undervise i eit fag. Departementet meiner at elevane sitt læringsutbyte vil bli høgare når lærarane har høgare kompetanse. Det er særleg faga matematikk og norsk som er i fokus., men også praktisk-estetiske fag vil bli styrka. På ungdomstrinnet vert det stilt krav om 60 studiepoeng i norsk, matematikk og engelsk. I dei andre faga skal lærarane ha 30 studiepoeng.

Framleis vil det vere rektor sitt ansvar å avgjere kva for klassar og fag lærarane skal ha.

Det vert også laga tilpassingar i høve til den fagkompetanse som lærarane har i dag. Dei nye krava får ikkje tilbakeverkande kraft for dei lærarar som alt er ferdig med utdanninga si. Dei som i dag har kompetanse for ungdomstrinnet, vil ikkje miste retten sjølv om reglane for nye lærarar vert endra.

Dersom det ikkje er mogeleg å få tak i lærarar som fyller kompetansekrava, kan det tilsetjast andre mellombels for eitt år.

Allmennlærerutdanninga er endra frå hausten 2010. Studentane må no velje 1-7.trinn eller 5-10.trinn. Det vil vere meir fagleg fordjuping enn før.

Det er forslag om at kommunen får høve til å tilsetje på vilkår om at ein fullfører utdanning som ikkje er heilt avslutta, punkt 2.3.5.

Det er også endringar med krav om politiattest ved skuleliknande aktivitetstilbod. Det vert ikkje stil krav om botid i Norge, slik at ein politiattest for enkelte grupper vil ha liten praktisk verknad, grunna kort tid i Norge.. Departementet ber om synspunkt på dette, punkt 5.3.2.

Administrasjonen viser til grundig utgreiing frå departementet i vedlagt høyringsnotat. Dei nye kompetansekrava vil tre i kraft frå og med skuleåret 2014.

Departementet vurderer at forslaga ikkje vil ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar, grunna at det er gjort forslag om overgangsordningar.

Vurdering:

Administrasjonen vurderer at lærarane sin kompetanse er avgjerande med omsyn til fagleg kvalitet på undervisninga. For å auke elevane sitt læringsutbyte, er det difor viktig at lærarane sitt faglege nivå høg. Krav om fagleg fordjuping på 30 eller 60 studiepoeng (1-2 år) for å undervise i ungdomsskulen vil difor vere viktig.

Departementet ber om høyringsinstansen sitt syn på om kompetansekrava for undervisning også bør gjelde for mellombels tilsette, punkt 2.4.2.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Utval for levekår vurderer at forslaga til endringar i kompetansekrav for undervisningspersonalet, på sikt vil føre til høgare kvalitet på undervisninga og eit større læringsutbyte for elevane. Lærarane med høg fagkompetanse, er avgjerande for ei god kvalitetsutvikling i skulen.

Utval for levekår støtter dei forslaga til endring i krav om politiattest som er sett fram i høyringsnotatet.”

23.11.2010 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK-098/10 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Utval for levekår vurderer at forslaga til endringar i kompetansekrav for undervisningspersonalet, på sikt vil føre til høgare kvalitet på undervisninga og eit større læringsutbyte for elevane. Lærarane med høg fagkompetanse, er avgjerande for ei god kvalitetsutvikling i skulen.

Utval for levekår støtter dei forslaga til endring i krav om politiattest som er sett fram i høyringsnotatet.”

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Det kongelige kunnskapsdepartement